



Hagellia Matstove

Hagellia 6

5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3823 - 15/19718

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:
19.05.2015

Søknad om serveringsløyve - Hagellia Matstove

Vedlagt følgjer vedtak.

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Andre mottakarar:

Hagellia Matstove

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
026/15	Formannskapet	PS	30.04.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Terje Sætre	14/3823

Søknad om serveringsløyve - Hagellia Matstove

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Serveringsløyve blir innvilga etter serveringslova § 3, slik:

- Løyvehavar: Hagellia Matstove AS, Hagellia 6, 5914 Isdalstø, org.nr. 914 818 028
- Dagleg leiar: Øistein Bjørnsen, Svindalsvegen, 5913 Eikangervåg, f. 130962.
- Serveringsstad: Hagellia Matstove, Hagellia 6, 5914 Isdalstø
- Serveringsstadens storleik: 154 kvm.
- Tal sitteplassar: 100
- Opningstid: kl. 0800 – 0200 heile året.
- Godkjenning frå Mattilsynet må liggje føre.

Løyvehavar plikter å melde frå til kommunen, dersom det skjer endringar i forhold til dei vilkår som er sett

Formannskapet - 026/15

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

Serveringsløyve blir innvilga etter serveringslova § 3, slik:

- Løyvehavar: Hagellia Matstove AS, Hagellia 6, 5914 Isdalstø, org.nr. 914 818 028
- Dagleg leiar: Øistein Bjørnsen, Svindalsvegen, 5913 Eikangervåg, f. 130962.
- Serveringsstad: Hagellia Matstove, Hagellia 6, 5914 Isdalstø
- Serveringsstadens storleik: 154 kvm.
- Tal sitteplassar: 100
- Opningstid: kl. 0800 – 0200 heile året.
- Godkjenning frå Mattilsynet må liggje føre.

Løyvehavar plikter å melde frå til kommunen, dersom det skjer endringar i forhold til dei vilkår

som er sett

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i Formannskapet.

Bakgrunn

Ifølgje serveringslova § 3 skal løyve bli gitt dersom krava i §§ 4 til 6, jfr. § 7 er oppfylt, og det ikkje ligg føre forhold som av politimesige omsyn gjer det utilrådeleg at serveringsløyve blir gitt. Krava gjeld i forhold til dagleg leiar, krav om etablerarprøve, krav til vandel og konsolidering av eigardelar.

Vurdering

Det ligg føre uttale frå politi, skatteetat og skatteoppkrevjarar. Krava til serveringslova §§ 4 til 6, jfr. § 7 er oppfylt. Søkjar har med dette rett til å få søknaden innvilga.